

# Merknadar til utkast til ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk – Vestland

## Innhald

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.....	1
Generelle merknadar til forskrifta.....	2
§ 3. Fiske i 100-metersona utanfor vassdrag med anadrom laksefisk.....	2
§ 4. Munningsfredingssone utanfor 100-metersona.....	3
§ 5. Fiskereglar i munningsfredingsssonene .....	3
§ 6. Fiske utanfor kraftverksutløp .....	7
§ 7. Nedsenking av garn utanfor munningsfredingsssonene .....	7
§ 8. Dispensasjon.....	8
§ 9. Stopp i fiske .....	8

Forslaget til ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk – Vestland vart sendt ut 9. september 2022 på lokal, regional og sentral høyring. Høyringa vart annonsert på våre nettsider.

Vi fekk inn **28** fråsegner innan den utvida høyringsfristen. Følgjande sendte fråsegn til høyringa:

Bergen kommune, Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag, NJFF Hordaland, Lærdal elveeigarlag, Per Arvid Hauge, Vaksdal kommune, Voss herad, Førde elveeigarlag, Sognefjorden vel, Fiskarlaget vest, Norske lakseelver, Norges Fiskarlag, Norce LFI, Aurland elveeigarlag, Fiskeridirektoratet, Grunneigarane til Fosselva, Voss klekkeri, Eidfjord kommune, Bulken – Evanger Elveeigarlag, Hordaland GSL, Searun AS, Hardangerfjord villfisklag, Ådlandsvassdraget fiskelag, Bolstadelva as, Dale jakt og fiskarlag, elveeigarlaget Osen-Vestre Hyen og Jan Hovlandsdal.

## Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Føremålet med forskrifta er å gje anadrom laksefisk (laks og sjøaure) naudsynt vern mot risiko for overfiske i sjø i Vestland fylke. Etter naturmangfaldlova § 7 gjeld miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er tekne omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Dette inneber at kunnskapsgrunnlaget i saken skal være tilstrekkeleg. I tillegg skal prinsippa om føre-var, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege driftsmetoder vurderast. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også bli trekt inn i skjønnsutøvinga. Dei ulike prinsippa understøtter føremålet med forskrifta. Prinsippa er trekt inn både i utarbeiding av forslag til forskrift, den heilskaplege vurderinga av dei innkomne fråsegnene og i endeleg forskrift. Vi har berre kommentert prinsippa nærare i einskilde tilfelle.

## Generelle merknadar til forskrifta

Det var ingen negative merknadar til å slå saman tre eksisterande forskrifter om fiske etter anadrom laksefisk, til ei ny forskrift om fiske etter anadrom laksefisk i sjø.

Fleire av høyringspartane ønskja styrka oppsyn i munningsfredingssone, og peikte på ei forsterking av Statens naturoppsyn (SNO) som viktig for å få dette til. Det vart kommentert av fleire at det er trong for skilting/betre skilting i munningsfredingssone, og at dette må inkludere informasjon på fleire språk.

Frå Bergen kommune er det ønske om at det vert oppretta eit system/regelverk som sikrar at fiske av anadrom fisk i sjøen vert rapportert på lik linje som fisk i elv.

Det vert òg påpeika av fleire at fiskereglane må vere enkle for at ålmenta skal skjønne dei, og for å gjere det enklare for dei som skal handheve reglane.

*Statsforvaltaren* er einig at oppsyn og skilting i munningsfredingssone er viktig, og det er begge prioriterte felt frå vår side. Skilting er noko vi vil jobbe med så snart forskrifta er vedtatt, og vi vil sette av ressursar til det.

Det er i dag krav om rapportering av all fangst av anadrom fisk, det inkluderer fiske i sjø jf. § 1 i *forskrift om redskaper mv. ved laksefiske*. Miljødirektoratet har laga ei nettløysing for rapportering av fiske i sjø med stong og handsnøre. Utfordringa er at rapportering i sjø av fritidsfiske er basert på frivilligheit.

Vi er einig i at reglar må vere enkle og mogleg å forstå. Eit av føremåla med å samle tre forskrifter i ei forskrift, er å gjere det lettare for ålmenta å finne og setje seg inn i fiskereglane. I tillegg må det vere mogleg å forstå innhaldet i forskrifta. Vi har gjennom høyringsprosessen og endringar i formuleringar i den vedtekne forskrifta freista å gjere forskrifta så tydeleg som mogleg.

### § 3. Fiske i 100-metersona utanfor vassdrag med anadrom laksefisk

Lærdal Elveigarlag: Ønskjer å utvide elveosen/100-metersona til 200 meter for elvar som ikkje har munningsfredingssone. Dette for å gje aure som står til avlusing eit ekstra vern.

Kurt Birger Hagen: Det er utfordrande å få bukt med tjuvfiske, og det er difor ønskeleg med totalforbod mot fiske i 100-metersona heile året. Det er ein regel som er enkel å halde seg til.

NJFF Hordaland: Støtter at § 3 skal gjelde alle vassdrag med årsikker vassføring der det går anadrom fisk.

Elveigarlaget Osen – Vestre Hyen: Støtter forslaget til fiskereglane i 100-metersona.

Bolstadelva AS: 100-metersona bør utvidast, og fiskereglane bør vere lik i 100-metersona og vassdrag, dvs. skjelprøver osv.

Searun AS: Støtter forslag til § 3, ønskjer presisering at dette òg gjeld for vassdrag som ikkje er kartlagt.

Fiskarlaget Vest og Sogn og Fjordane: Meiner det må vere mogleg å fiske med leppefiskeiteiner på inntil 2 meters djup heilt inn til grense elv/sjø.

*Statsforvaltaren* viser til at 100-metersone er definert i nasjonale føringar og forskrifter. Vern ut over 100 meter er munningsfredingssone. Etter vårt syn bør 100-meterssona vere dekkande for dei små vassdraga.

Fiskereglane for fiske i 100-metersona er regulert i nasjonal forskrift (*forskrift 15. mars 2021 nr. 797 om fiske etter anadrome laksefisk i sjøen, § 3*). Denne opnar ikkje for anna fiske i 100-metersona enn fiske med stang og handsnøre i den tida vassdraget er ope for fiske. Det vil difor ikkje vere lov å fiske etter leppefisk med teiner i 100-metersona.

Den nasjonale forskrifta dekker derimot ikkje opp alle anadrome vassdrag i fylket, og vi har difor utvida 100-metersona til å gjelde alle vassdrag med årssikker vassføring der det går opp anadrom fisk i. Av omsyn til dei mindre sjøaurevassdraga, kjem vi ikkje til å endre på § 3.

#### § 4. Munningsfredingssone utanfor 100-metersona

Aurland elveigarlag: Meiner munningsfredingssona må utvidast.

Norce LFI: Peiker på at munningsfredingssonene utgjør ein særst liten del av sjøarealet i Vestland (mindre enn 0,1 %). For sårbare stammer er dette ein risiko. I fjordar med sårbare stammer, bør regelverket eller munningsfredingssonene utvidast.

Lærdal Elveigarlag: Ber om at munningsfredingssona til Lærdalselvi vert utvida til maksimal storleik.

Hardangerfjord villfisklag: Ber om gjennomgang av eksisterande munningsfredingssoner, for å vurdere om det er naudsynt å utvide storleiken av desse.

Grunneigarane til Fosselva: Meiner det bør innførast ei munningsfredingssone for Fosselva. Laget har lagt ved forslag til utstrekning av sona.

*Statsforvaltaren* er kjent med status for stammene av anadrom fisk i fylket. Som resultat av høyringa vil vi endre nokre av fiskereglane som vart høyrte, for å ta betre vare på anadrom fisk. Det er ikkje kome forslag om kvar ev. ny grense for munningsfredingssone bør vere. Slik vi ser det, har dagens munningsfredingssone i Aurland ein naturleg avgrensing. Forslag til munningsfredingssone for Fosselva i Kvam, er tilnærma lik og mindre enn dagens 100-metersone. Vi meiner difor laget sitt ønske om munningsfredingssone er tilfredsstillt gjennom eksisterande 100-metersone. Munningsfredingssona i Lærdal er i dag 1,5 km lang, og det kan vere rom for å auke denne med 500 meter. Vi vil vurdere å gjennomføre ein eigen prosess for å sjå på storleiken til munningsfredingssonene.

#### § 5. Fiskereglar i munningsfredingssonene

Bergen kommune: Kommunen erfarer at sjøaure går ut frå mindre vassdrag rett etter gyting. Sjøauren kan òg opphalde seg i brakkvassområde store deler av året. Det same vil vere tilfelle for mange regulerte vassdrag. Kommunen erfarer òg at det vert fanga ein del vintestøringar i Arnavaågen haust og vinter. Kommunen meiner dorgefiske om vinteren vil vere uheldig. Det er òg uheldig med mange ulike fisketider. Kommunen meiner fisketida frå land bør reduserast med ein eller to månadar og forbod mot dorgefiske. Endringane bør evaluerast etter kort tid.

Norheimsund og Steinsdalen grunneigarlag: Laget viser til at ein stor del av sjøaure går ut i sjø etter gyting, og meiner at det difor ikkje kan opnast for dorging om vinteren. Laget meiner det berre bør vere lov å fiske i munningsfredingssona i den tida vassdraget er ope for fiske. Dette gjeld både land frå båt, og at det skal vere lov å dorge i tida vassdraget er ope for fiske. Bør vere forbod mot notfiske heile året, og i alle fall der vassdraga er stengt for fiske.

NJFF Hordaland: Er kritisk til å opne for fiske etter anadrom fisk i munningsfredingssone om vinteren. Sjøauren er særleg sårbar for fiske i sjøen haust og vinter. Og meiner fisketida for anadrom fisk i munningsfredingssonene bør følgje fisketida i vassdraget. Dorging bør berre vere lov når vassdraget

er ope for fiske. Organisasjonen støtter at det skal vere lov å fiske marin fisk i munningsfredingssona heile året.

Lærdal Elveigarlag: Elveigarlaget ønskjer restriktive reglar i munningsfredingssonene. Laget meiner fisket i munningsfredingssonen må følgje reglane i vassdraget. Det bør ikkje vere lov å fiske sjøaure i Sognefjorden om våren, og det bør innførast ein kvote i sjø. Det bør òg vere totalforbod mot fiske av sjøaure i perioden 20. mars . 1. juni. Laget meiner forbodet mot notfiske bør gjelde heile munningsfredingssona, ikkje berre dei inste 500 meterane. Alternativt bør Lærdalselvi inn under unntak i § 5 d, forbod mot notfiske heile året. Laget ønskjer forbod mot garnfiske på grunne sandbankar ved elvemunningar.

Per-Arvid Hauge: Ønskjer forbod mot lysfiske i munningsfredingssonene, og at det må vere reglar for å skjerme marin fisk.

Vaksdal kommune: Ønskjer å samordne fisketidene i munningsfredingssona til Daleelva med fisketida i elva. Forslaget gjeld berre ned til Hellestræ bru, nedanfor brua bør det vere lov å fiske marin fisk med stong og frå båt heile året.

Voss herad: Støtter fråsegn frå Bolstadelva og Voss klekkeri i sin heilskap. Bør vere forbod mot fiske etter laks i utvandningsruta.

Førde Elveigarlag og Nausta Elveigarlag: Nasjonal laksefjord bør stengast for dorgefiske. Jølstra er stengt for laksefiske, og Nausta har strenge kvotar. Dorging må følgje fisketida til den strengast regulerte elva, fiskarane bør registrere seg for dorging i nasjonal laksefjord, og det bør vere krav om fangstrapportering.

Sognefjorden vel: Organisasjonen ønskjer forbod mot notfiske i munningsfredingssonene heile året. Munningsfredingssonene bør òg ta omsyn til marin fisk, elveosar og delta er viktig for fleire artar.

Fiskarlaget Vest og Sogn og Fjordane Fiskarlag: Meiner det ikkje er vitskapeleg kunnskap eller dokumentasjon som tilseier at notfiske er ein fare for stammene av anadrom fisk. Og finn det uhaldbart at det er forslag om å innskrenke yrkesfiskaranes driftsgrunnlag og moglegheit til å kunne utføre sitt yrke på fjorden. Laga meiner det må innførast eit heilårleg unntak for fiske etter alle pelagiske artar med notreiskap i munningsfredingssonene, for manntalsførte fiskarar kor reiskapen er satt ut av fartøy registrert i merkeregisteret for norske fartøy. Forskrifta må heller ikkje hindre framtidig fiske etter ål i tradisjonelle område.

Norges Fiskarlag: Stiller seg bak fråsegna til Fiskarlaget vest.

Norske lakseelver: Gjev innspel om at fiske munningsfredingssona må følgje fisketida i vassdraget.

Norce LFI: Vurderer regulering av fiske i munningsfredingssoner som viktig for å forvalte stammene av anadrom fisk berekraftig. Det er ein særleg risiko knytt til fiske i fjord og munningsområder med; stadvis høg fangbarheit, fiske på blanda stammer, påverke laks og sjøaure frå små vassdrag særleg hardt, anadrom fisk kan opphalde seg i munningsfredingssonen lenge, og det manglar fangstrapportar frå fritidsfiske etter anadrom fisk i sjø. Norce LFI vurderer at forslaget ikkje er tilstrekkeleg for å ta omsyn til anadrom fisk. Fiske om seinhaust og vinter er særst uheldig. Det bør vidare vere særleg fokus på stammer under reetablering. Fiskereglane i munningsfredingssonene bør følgje vassdraget. Not- og garnfiske bør ikkje vere lov i munningsfredingssoner med sårbare stammer grunna faren for bifangst. Munningsfredingssoner bør utvidast om ikkje sårbare stammer kan ivaretakast i fjorden elles.

Aurland elveigarlag: Fisketida i munningsfredingssona må vere lik fisketida i vassdraget.

Fiskeridirektoratet: Sognefjorden og Hardangerfjorden er dei viktigaste fangstområda for brislingfiske. Forskrifta vil avgrense næringsinteresser som har lange tradisjonar, og som i dag skjer i eit avgrensa omfang. Fiskeridirektoratet er kritisk til det føreslegne forbodet, og ber om at forslaget vert sett på vent til ein har meir kunnskap. Direktoratet viser til at forbod om å fiske nærare vassdrag enn 500 meter, vil gje så store problem for utøving av fisket, at det praktisk ikkje vil vere mogleg å fiske i forbodsperioden. Forbodets varigheit fram til 14. oktober, gjev òg fiskarane for knapp tid til å dekke Sognefjorden og Hardangerfjorden. Fiskeridirektoratet er ikkje kjent med at innslag av anadrom fisk utgjør ein bifangstutfordring i brislingfisket. Brislingfisket er strengt regulert, med låge kvotar (frå 200 til 700 tonn dei ulike åra i dei ulike fjordane), minstemål, fredingstid, storleik på fartøy, bifangstavgrensingar og krav til skippers erfaring. For at miljøforvaltninga skal oppfylle sin utgreiingsplikt, må det konkret peikast på at notfiske er ein sannsynleg medverkande årsak til at det går dårleg med stammene av anadrom laksefisk.

Voss klekkeri: Full støtte til Bolstadelva AS si fråsegn. Vil i tillegg legge til at dei meiner det bør bli forbod mot fiske etter laks i heile utvandingsruta heile året.

Bulken – Evanger Elveeigarlag: Stiller seg bak Bolstadelva AS si fråsegn.

Hordaland GSL: Meiner forslag til ny forskrift ikkje tar omsyn til sjølaksefiske. Det bør opnast for at det kan fiskast med faststående reiskap i munningsfredingssona, slik at forskrifta ikkje er til hinder den dagen det skulle bli opna for sjølaksefiske att i regionen. Ønskjer at reglane for maskevidde og nedsenking vert som før både i og utanfor munningsfredingssonene. Restriksjonar på dorgefisket bør fjernast.

Searun AS: Fisketida må følgje fisketida i vassdraget, og det bør vere lik fisketid for anadrom og marin fisk. Dorging bør vere lov i fisketida til vassdraget. Alt kommersielt fiske etter marine artar bør vere forbode i munningsfredingssonene.

Hardangerfjord villfisklag: Fiske etter anadrom laksefiske med stang og handsnøre frå båt og land, bør følgje fisketida til vassdraget. Det bør vere lov å dorge når vassdraget er ope for fiske. Det bør ikkje vere unntak for notfiske i munningsfredingssonene.

Ådlandsvassdraget Fiskelag SA: Meiner Frugardselva bør inn under unntak § 5 d, forbod mot not- og garnfiske nærare grense elv- sjø enn 500 meter heile året.

Bolstadelva AS: Grensene for fiskereglane bør vere samanfallande med avgrensinga av den nasjonale laksefjorden rund Osterøy. Talet på soner bør redusert, og fiskeforbodssona ved Straume bør utvidast til Gulløyna. Det bør vere lik fisketid i dei ulike sonene og vassdrag. Det bør vere forbod mot not- og garnfiske i heile nasjonal laksefjord. Det bør kunne vere lov å dorge frå båt om hausten og vinteren, når laksen har gått opp. Det kan vere vanskeleg å kontrollere om det er marin fisk eller anadrom fisk det vert fiska etter i munningsfredingssonene.

Dale jakt og fiskarlag: Det må vere samsvar mellom fisketida i vassdrag og i munningsfredingssonene. Det inkluderer dorgefiske, som bør vere lov når vassdraget er ope for fiske. Dette er godt innarbeida i dag, og respektert av fiskarane. Det bør berre vere lov å fiske saltvassfisk nedstrøms Stanghelle bru. Dalevågen oppstrøms har lite eller ingen saltvassfisk. Støtter elles forslag i § 5.

Elveeigarlaget Osen - Vestre Hyen: Meiner det er uheldig å opne opp for dorging om vinteren. Dette vil føre til auka beskatning av sjøaure.

Jan Hovlandsdal: Meiner det bør vere opning for dorgefiske etter anadrom fisk i den tida vassdraget er ope for fiske.

*Statsforvaltaren* foreslår på bakgrunn av innkomne fråsegnar, å endre § 5. Dei aller fleste fråsegnene viser til at fiske etter laks og sjøaure i munningsfredingssona bør følgje fiske etter artane i vassdraget. Dette inkluderer dorging. Dette er i dag både innarbeida og respektert av fiskarane, og tar i større grad omsyn til anadrom fisk som oppheld seg i munningsfredingssonene etter gyting. I tillegg vil vi ta inn ei setning om det er det fisketida til det strengast regulerte vassdraget som styrer fisketida i munningsfredingssoner med fleire vassdrag. Denne setninga var ved ein feil utelate frå utkastet til forskrift, men er gjeldande regulering både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fisketid i munningsfredingssona skal følgje fisketid i vassdraget. Det betyr at § 5 a endrast til at ein kan fiske etter sjøaure, når vassdraget er ope for sjøaure, og laks når vassdraget er ope for laksefiske. I dag har fisketid i sjøen vore knytt opp til fisketida til sjøaure i vassdraget. Dette har vore uheldig i dei munningsfredingssonene som har vassdrag som er stengt for laksefiske. Då har ein kunne fiska laks i sjøen når det er ope for aurefiske, men ikkje i vassdraget.

Vi foreslår å endre paragraf 5 c, slik at dorging er lov i den perioden vassdraget er ope for fiske. Det vil sei at ein kan dorge etter sjøaure når vassdraget er ope for fiske etter sjøaure, og laks når vassdraget er ope for fiske etter laks. Saltvassfisk kan dorgast etter i heile perioden vassdraget er ope for fiske. Vi vurderer at dette er ein oppmjuking av vårt forslag, sjølv om perioden for dorgefiske vert redusert. Endringa vil òg ivareta stammene av laks og sjøaure, då det er berre der det er opna for fiske i vassdraget, det vil vere lov å fiske i sjøen.

Det er tatt til orde for å berre tillate fiske etter saltvassfisk i perioden for fiske etter anadrom fisk, dette kjem vi ikkje til å ta inn. Vår vurdering er at dette ville blitt ein for stor inngripen i ålmentas fiske, og § 5 b blir difor uendra jf. vårt forslag.

Fleire har ønska at det må innførast fiskereglar i dei nasjonale laksefjordane på lik linje med munningsfredingssonene. Vi vurderer at det går ut over vår heimel til å regulere fiske ved utløp av vassdrag, jf. § 40 i lakse- og innlandsfisklova.

To av dei innkomne fråsegnene ønska at munningsfredingssonen òg skal skjerme saltvassfisk. Omsynet til saltvassfisk er ikkje innfor vårt forvaltingsansvar og regelverk. Fiskereglane i munningsfredingssonen er utforma av omsyn til anadrom fisk.

Ei fråsegn ønskjer å behalde reglane for garnfiske uendra frå dei gjeldande forskriftene. For Hordaland er dei uendra i utkastet til ny forskrift, for Sogn og Fjordane er det ein innstramming i tråd med retningslinjene frå Miljødirektoratet. Det kom òg konkret forslag om å endre fiskereglane i Dalevågen, til at ein kan fiske marint berre nedstraums Stanghelle bru. Det er ikkje lov å fiske med garn i Dalevågen i dag, vi har heller ikkje foreslått å opne for garnfiske i Dalevågen. Ved å endre 5 a og 5 c, meiner vi 5 e vil gje naudsynt vern i Dalevågen. Lærdal Elveigarlag ønskjer forbod mot garnfiske på grunne sandbankar nær elvemunningane. Vi viser til at det ikkje er lov å sette garn nærare grense elv-sjø enn 100 meter, samt nedsenkingspåbodet på 5 meter i munningsfredingssonene (med nokre unntak som har krav til å sette garn djupare enn 5 meter). Det skal difor ikkje bli fiska med garn på dei grunnaste sandbankane i munningsfredingssonene.

Vi fekk òg innspel på at det må leggest til rette for leppefiske i munningsfredingssonene. Det er lov å fiske etter saltvassfisk med garn, ruse, liner og teiner når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata. Dette er gjeldande reglar i Hordaland i dag, noko som inneber at det òg er opning for leppefiske.

Etter vårt syn vil § 5 e gje opning for ålefiske, om det skulle bli opna att for slikt fiske. Nedsenkingspåbodet vil gjelde for eit eventuelt ålefiske, på like linje som alt anna fiske med garn, ruser, line og teiner i munningsfredingssonene.

Både fiskeriforvaltinga og fiskerinæringa meiner § 5 d) i utkastet vil gje for strenge restriksjonar på fiske etter pelagisk saltvassfisk. Det er grensa på 500 meter frå grense elv-sjø, og fisketida 15. oktober - 31. desember dei reagerer på. Dei meiner grensa må vere 100 meter, og høve til å fiske heile året for manntalsførte fiskarar kor reiskapen er satt ut av fartøy registrert i merkeregisteret for norske fartøy.

Vi går ikkje inn for å endre grensa på 500 meter, då denne er i tråd med *retningslinjer for regulering av fiske ved utløpet av vassdrag med anadrome laksefisk* frå Miljødirektoratet. Alternativet er å forby lysfisket. Det som bør diskutert er fisketida, om det skal opnast for fiske med not, snurrevad og trål innafor 500 metergrensa eller ikkje, og eventuelt når. Fleire av høyringspartane kom med innspel som viste til at ein stor del av anadrom fisk, går ut frå vassdraga etter gyting. Fiske i munningsfredingssonene om hausten og vinteren ville difor kunne føre til uheldig uttak av anadrom fisk. For å få eit betre vern av laks og sjøaure, samt eit lettare tilgjengeleg regelverk, foreslår vi å endre § 5 a og c. Då er spørsmålet om vi skal tillate eit fiske med not, snurrevad og trål i same perioden vi no for ålmentas fiske.

Vi har i dag tilstrekkeleg kunnskap til å regulere fisket i munningsfredingssonene. Kunnskapsgrunnlaget viser oss at laks og sjøaure er i munningsfredingssonene store deler av året, noko som òg er blitt peikt på av fleire av høyringspartane. Vi veit òg at til dømes brisling inngår i dietten til sjøaure. På grunnlag av fråsegnene som er kome inn, finn vi grunn til å presisere at vi ikkje er av den oppfatning at notfiske er ein av årsakene til at mange av våre stammer av laks og sjøaure er svekka. Vi meiner at not-, snurrevad og trålfiske er særst uheldig tilleggsbelastning på stammer av laks og sjøaure som alt er svekka, og at det er viktig å ta omsyn til dette i reguleringa av fiske.

Gjennom høyringa er det blitt klart at vi ikkje tok nok høgde for anadrom fisk, og då særleg sjøaure, sin bruk at munningsfredingssonene haust og vinter. Å opne opp for not-, snurrevad og trålfiske i områder vi veit samlar anadrom fisk, på ein tid av året dei kan samle seg i området, vil etter vårt syn ikkje i vere tråd med naturmangfaldlova sine krav til forvaltningsmål for artane, jf. § 5. Vi har òg teke omsyn til naturmangfaldlova § 10, som set krav om at påverknaden på eit økosystem skal bli vurdert ut ifrå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Saman med føre – var prinsippet tilseier dette at det ikkje bør opnast for fiske med not, snurrevad og trål nærare vassdrag enn 500 meter i munningsfredingssonene.

Ny § 5 d) blir då lik dagens regulering i Sogn og Fjordane. I resten av munningsfredingssona, utanfor 500 metersgrensa, vil det vere ope for fiske med not, snurrevad og trål så lenge slikt fiske er lov gjennom anna regelverk. Ålmentas fiske etter laks og sjøaure er òg blitt stramma inn som følgje av høyringa.

Det kom innspel på at forbod mot notfiske ol. bør gjelde i heile munningsfredingssonen, ikkje berre dei inste 500 meter. Etter vårt syn bør grensa vere 500 meter, og munningsfredingssoner som krev ekstra vern blir tatt inn som unntak.

## § 6. Fiske utanfor kraftverksutløp

Eidfjord kommune: Meiner det ikkje er nokon fagleg utgreiing om kvifor det er forslag om innskrenking i fiske utanfor kraftverk.

*Statsforvaltaren* viser til at § 6 i det store og heile er lik dagens forskrifter, og at fisketid var tatt inn for å få lik fisketid utanfor kraftverksutløp og i munningsfredingssoner. Dei fleste kraftverksutløp munnar ut i ei munningsfredingszone. Ordlyden blir endra for å presisere dette.

## § 7. Nedsenking av garn utanfor munningsfredingssonene

Bolstadelva AS: Det bør vere krav om nedsenking heile året, og kravet bør endrast frå 3 meter til 15 meter.

Searun AS: Garna bør senkast djupare enn 3 meter, av omsyn til bifangst av sjøaure.

Hordaland GSL: Ønskjer at reglane for maskevidde og nedsenking vert som før.

*Statsforvaltaren* viser til at nedsenking utanfor munningsfredingssoner er regulert i nasjonale forskrifter. Vi har heimel til å utvide nedsenkingspåbodet til å gjelde alle maskevidder, men ikkje tidspunkt eller kor langt ned fangstdelen skal senkast. Eit innspel bad om at kravet til nedsenking av garn framleis berre skal gjeld for garn med maskevidde over 32 millimeter (dagens reglar for Hordaland). Det kom ingen innspel frå den regionen som i dag har nedsenking av alle maskevidder. Vi meiner høyringa ikkje gjev grunnlag for å endra føresegna, og gjer ingen endring på forslaget til § 7.

## § 8. Dispensasjon

Searun AS: Støtter høve til dispensasjon, men vil presisere at den ikkje må brukast for å opne opp for friare yrkesfiske, jf. søknad om dispensasjon til brislingfiske i munningsfredingssonene i Sogn og Fjordane i 2021.

*Statsforvaltaren* viser til at dispensasjon er knytt til effekt på stammer av laks og sjøaure, ikkje kva aktivitet det blir søkt om.

## § 9. Stopp i fiske

Elveigarlaget Osen – Vestre Hyen: Meiner det må presiserast om Statsforvaltaren kan stoppe fisket utanfor kvart enkelt vassdrag, eller om det berre gjeld for større regionar. Laget meiner Statsforvaltaren må ha moglegheit til å stoppe fisket utanfor eit enkelt vassdrag.

*Statsforvaltaren* viser til at forslaget til § 9 betyr at vi kan stoppe fisket både utanfor eit einskild vassdrag eller fleire vassdrag.